



Årsmelding - Keipen Turlag 2024

Org. nr: 911830477

Styret har i 2024 vore samansett slik:

Leiar	: Jannike Brenden Frøyen
Nestleiar	: Steinar Isene
Kasserar	: Kirsten Grotle
Sekretær	: Jeanett Bergetun Rogne
Styremedlem	: Bjørn Haukeland
Styremedlem	: Marte Christine Jørgensen - Barnas Turlag
Varamedlem	: Gry Gulestøl
Varamedlem	: Svenn Petter Kjerpeset
Revisorar	: Bjørg Didriksen og Kåre Myklebust
Valnemnd	: Sølvi Joensen og Per Arne Sæterlid

Turleiarar:

Inger Lise Langedal, Svelgen	turleiar 2010	
Kjell Morten Langedal, Svelgen	turleiar 2010	Sommarturleiar 2024
Steinar Isene, Svelgen	turleiar 2011	
Svenn Petter Kjerpeset, Bremanger	turleiar 2014	Sommarturleiar 2015
Per Arne Sæterlid, Svelgen	turleiar 2016	
Jannike Brenden Frøyen, Kalvåg	turleiar 2017	Breførar 2021 – Sommarturleiar 2022- skred 23
Gry Hege R. Gulestøl, Svelgen	turleiar 2021	
Stine Svoen, Svelgen	turleiar 2021	
Tobias Bueie, Svelgen	turleiar 2021	
Johnny Røys, Svelgen	turleiar 2021	
Liv Sigdestad Brekke, Svelgen	turleiar 2021	
Elisabeth B Hatlenes, Davik	turleiar 2021	
Anne Karin Svarstad, Bremanger	turleiar 2022	
Johannes van Djiken, Svelgen	turleiar 2023	
Sander Bergetun Rogne, Svelgen	turleiar 2023	
Jens Sigdestad	turleiar 2024	NY

Vertskap på hyttene: Sissel Igland, Anne Karin Vårdal, Audhild Vistnes, Jorunn Styve og Kirsten Grotle.

Barnas Turlag Keipen:

Leiar:	Marte Christine Jørgensen	Aktivitetsleiar 2022
	Johnny Røys	Aktivitetsleiar 2022
	Camilla Gulhaugen	Aktivitetsleiar 2022
	Stig Arve Leirvik	Aktivitetsleiar 2022
	Martine Fosse Sveian	
	Martin Fosse Sveian	
	Jeanett Bergetun	Aktivitetsleiar 2023

Ansvarspersonar i organisasjonen:


- Web-side: Jannike Brenden Frøyen
- G-mail Keipen Turlag: Jannike Brenden Frøyen
- G-mail Barnas Turlag: Marte Jørgensen
- Facebookside Keipen Turlag: Jannike Brenden Frøyen
- Facebookside Keipen Turlag Turboktrim: Jannike Brenden Frøyen
- Facebookside Barnas Turlag Keipen: Marte Jørgensen
- Instagramkonto: Svenn Petter Kjerpeset og Jannike Brenden Frøyen
- Instagram konto Barnas Turlag: Marte Jørgensen
- UT.no: Jannike Brenden Frøyen
- Opptur 8. kl.: Jannike Brenden Frøyen
- Ålfoten landskapsvernområde: Svenn Petter Kjerpeset
- Turorientering: Steinar Isene
- Turleiargruppa: Jannike Brenden Frøyen
- Barnas Turlag Keipen: Marte Jørgensen
- Hyttevertane: Sissel Sandvik Igland
- Lageransvarleg: Jannike Brenden Frøyen
- Fjelltrimmen i Svelgen: Gry Gulestøl
- Hytteansvarlege:
 - Knekkevasshytta: Steinar Isene
 - Moldahytta: Karsten Løvseth
 - Martinbu: Liv S. Brekke
 - Olavsbu-Hornelen: Jon Rune Nygård
 - Langhuken: Per Arne Sæterlid
- Ansvarlege T-sti:
 - Ålfotbreen: Steinar Isene
 - Gjegen: Svenn Petter Kjerpeset
 - Keipen: Tore Sörgulen
 - Vingesætra: Kjell Morten Langedal
 - Hornelen frå Berleneset: Inge Johan Sylta
 - Hornelen frå Hunsår: Jon Rune Nygård
 - Vetvika rundtur: Kirsten Grotle
 - Troda frå Davik: Sølvi Joensen
 - Troda frå Blålida: Jannike Brenden Frøyen

Medlemmar:

Dette året har det vore ein liten nedgang i medlemstalet. Tala som er vist for 2024 er frå DNT si teljing den 31. august, og det gjer at dei som har meldt seg inn dei siste fire månadane ikkje er med i tala for 2024. Merk at tala frå tidlegare viser teljing pr. desember.

	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Familie hovud	24	24				
Hovudmedlem	61	55	55	55	70	74
Ungdom	6	5	3	7	32	5
Honnør /Senior	30	36	35	36	38	37
Livsvarig	1	1	1		0	1
Barn	13	6	5	9	12	9
Skuleungdom	6	5	2	1	0	
Husstandsmedlem	20	18	20	17	18	16
Familie hushand	88	89	122	115	144	135
Ufør medlemskap			1		2	2
Gåvemedlemskap			1			
Total	249	239	245	240	316	279

0-12	13-18	19-25	26-40	41-59	60-65	67+	Total
40	17	27	37	61	37	40	279



Møter:

Vi har gjennomført årsmøte, 6 styremøte og handsama 50 saker.

Møta har vore på lager/kontor i Rugsund, forutan konstituerande møte som var på sjukeheimen i Svelgen, og møte kombinert med julebord på Moldahytta. Styret har utanom styremøta kommunisert via Messenger- gruppe.

Saker vi har jobba med er m.a. gjennomføring av planlagde aktivitetar, administrasjon med rapportering og søknader, dugnad Knekevasshytta, gjenbrukdag, marknadsføring /brosjyre, utbetring tursti; Amsterdamstien, merking T-sti til Troda, merking til Brehytta, merking med refleksar på turstiar kring Svelgen, ferdigstilling karttavle og store mengde med administrativt arbeid.

Andre møter:

- Samling for brosjyrebetting i Rugsund; Kirsten, Bjørn, Steinar, Else Moe og Jannike
- Årsmøte i DNT SF – Kirsten og Steinar
- Ålfoten Landskapsvernområde; Svenn Petter på Svelgen hotell
- Evalueringsmøte etter årets tursesong og planlegging av fellesturar 2024; turleiarar
- Infomøte med kommunen med lag og organisasjonar - Jeanett
- Div. webinar og møte
- Prosjektmøter
- Fellesmøte Førde; Jannike, Kirsten

Samlingar og foredrag:

- Gjenbruksdag i Svelgen samfunnshus
- Stand på familiedag på Elkem 5. juni

Kurs:

- I februar gjennomførte vi førstehjelpskurs med Røde kors - turleiarane.
- Jannike deltok på NF-godkjent vidaregåande skredkurs på Voss i Mars. Deretter vinterturleiar kurs i Sirdalen. Grunna kneskade blei berre del ein gjennomført i år 2024.
- Sander, Johnny og Stine var på skredkurs i Jostedalen
- Sommarturleiarane Svenn Petter, Kjell Morten og Jannike deltok på NF-godkjent førstehjelpskurs ei helg på Langeland i Førde
- I April fekk dei av turleiarane som ønska det delta på samling med nyttig kunnskap på Røde kors-huset, dette med 330 Skvadronen i forbindelse med SAR-oppdrag.
- Vi har fått ein nyutdanna sommarturleiar dette året: Kjell Morten Langedal
- I haust fekk vi ein ny grunnleggande turleiar: Jens Sigdestad.
- Fleire har deltatt på kurs i Motimate, den digitale opplæringsplattforma.

Presse og marknadsføring:

I mars delte vi ut flygeblad i alle postkassene i kommunen. Flygebladet var laga av Kirsten Grotle, og styret delte ut i postkassane på dugnad.

Sak om gjenbruksdagen i [Fjordenes Tidende](#)

Dei kanadiske turistane på Hornelen [Fjordenes Tidende](#), [TV2](#), [VG](#), [Firda](#)

[Redning Blåbrebu](#)

[Redning Hornelen](#)

Fjordenes Tidende og Firdaposten: Vi har hatt innlegg i sommarmagasina

Vi har utmerka oss i dei store avisene dette året grunna bergingsaksjonar og dramatikk på Hornelen. Vi har fått medieomtale i: FJT, Firdaposten, Firda, Fjordabladet, BT, VG, Dagbladet, TV2 og NRK samt radiointervju.

Når det gjeld marknadsføring er hovudkanalen for Keipen turlag Facebook, og når vi skal promotere arrangement heng vi også opp plakatar på lokalbutikkane.

Kommunikasjon:

Heimeside: keipen.dnt.no

E-post: keipenturlag@gmail.com

E-post: barnasturlag.keipen@gmail.com

Facebook; Keipen Turlag, Keipen Turlag Turboktrimmen og Barnas Turlag Keipen

Instagram: keipenturlag, barnasturlag.keipen

Dugnad:

Vi ser stabilt høge tall på dugnad. Dette året er det litt færre timar, men det står i høve til aktiviteten vi har hatt. Vi er svært takknemlege for alle dugnads-hender, og dei som står på for felles glede.

Tusen hjarteleg takk til dykk 😊

	2020	2021	2022	2023	2024
Styremøte og anna administrativt arbeid	332	769	755	642	945
Feltarbeid (vedlikehald hytte, traséval, sti merking,)	297	706	1136	967	746
Turleiing	151	308	558	479	441
Anna	275	332	846	1388	1428
Sum dugnad	1055	2141	3275	3734	3530

Samarbeid:

Ålfotbreen landskapsvernområde: Innkalla på møte

Draumeplassen Dalen: 30 års bruksrett frå desember 2019

Økonomisk samarbeid: Vi har avtale om 20 % rabatt på kjøp av klede og sko til ordinær pris ved Sports Måløy/Deknepollen.

Georeg: kjøp av elektronisk turregistrering (Svelgen fjelltrim)

Delt turleiarkompetanse med Flora turlag: Øyane over

Samarbeidstur med Indre Sunnfjord turlag: Josten på langs

BT har hatt samarbeid med STIF og ÅIL: Kom deg ut vinter

Turleiargruppa samarbeidd med Røde kors

Samarbeid med BUA: lån av utstyr

Sponsorat/Gåve:

Sparebankstiftelsen/DNT SF
Guleslettene

Kurs og møteutgifter
Opptur og Camp Molda

Hytter:

Knekkevasshytta Eigd av Svelgen Kraft AS/SFE og drifta av KT. Hytta er DNT ubetjent hytte, DNT - lås og besøksprotokoll faste senger til 12 fordelt på 4 rom + 4 flyttbare sengeplasser. KT har siden 1997 disponert hytta. Hytta hadde sist omfattende dugnad vår 2021. Siste avtale på hytta på 10 år går fram til 31.12.31 Tilsyn: Steinar Isene.

Moldahytta Eigd av STIF og drifta av KT. Turlaget har sidan «bergingsaksjonen» 1997 disponert hytta. Nyaste avtale på ti år er fram til 31.12.31. Vår og sommar -22 har det blitt gjort eit omfattande dugnadsarbeid på hytta, den er no ei fullverdig DNT hytte med DNT - lås og 10 senger fordelt på 2 rom. Tilsyn: Karstein Løvset.

Martinbu Hytte frå 2010. Liv Sigdestad Brekke har tilsyn med hytta og pyntar gjennom året.

Olavsbu-Hornelen Olavsbu er ei enkel steinbu på toppen av Hornelen. Dette er ei nødbu, med sitjeplass til nokre få personar. I hytta finn du hyttebok og flagg. Vi har tradisjon for å heise flagget den tida vi er på toppen. Hytta var bygd i samband med heksefestivalen som vart arrangert i Berle sommaren 1990, og var laga i Svelgen. Elementa vart frakta opp med helikopter. Ein kameratgjeng frå Svelgen/Bremanger monterte den der. Hytta vart gitt i gåve til grendelaget i Berle, og i 2019 fekk Keipen Turlag tilbod om å overta Olavsbu. Sidan det er ei anna hytte i DNT-systemet som ligg i Jotunheimen med namnet Olavsbu, er vi konsekvente på å bruke namnet Olavsbu-Hornelen. Omfattande restaurering i 2021.

Langhuken Gapahuk ved Langesjøvatnet, bygd i 2019, ferdigstilt i 2021. Plassert etter avtale med grunneigarane i Ålfoten. Her finn ein bålfat og 2 kanoar. Kanoane er låst med DNT - lås. Tilsyn: Per Arne Sæterlid.

Protokollført besøk på hyttene dette året:

Knekkevasshytta: Dagsbesøk 62 - Overnattingsdøgn 96

Moldahytta: Dagsbesøk 24 – Overnattingsdøgn 37

Der var mange som overnatta utandørs i telt i forbindelse med Camp Molda: 28 stk.

Aktivitetsåret!

Heile året gjennom har det vore mykje administrativt arbeid.

Innrulling av alle DNT sine nye system som:

- Heimeside – Ny side som er lik for alle, og som «snakkar» med alle systema i nettverket.
- Aktivitetssystem – arrangement for turar og aktivitetar
- Trygg - Risikovurderingssystem for turar og aktivitetar
- Frivilligsystemet -Registrering for alle frivillige
- Wisbook- Bookingsystem for hyttene (under arbeid)
- Ny mail-adresse (under arbeid)
- Facebook - framleis stor aktivitet
- Instagram – tatt i bruk

Påskequiz

Etter år med manglande innloggingsdetaljar fekk vi endeleg Instagram-kontoen til Keipen Turlag tilbake. Dette markerte vi med å lage en påskequiz som ga oppsving i talet på følgjarar.

Gjenbruksdag

Laurdag 13. april arrangerte vi gjenbruksdag i Svelgen Samfunnshus. Vi fylte salen, og det vart registrert 150 besøkande. Ca 20 utstillarar hadde tinga bord, og mange selde godt. Keipen Turlag fekk donert varer frå gjenbruksbutikken og frå enkeltpersonar, som ble selt til inntekt til KT. Samfunnshuset stilte med sal av kaffi og kaker.

Kjekt og vellykka prosjekt.

Opptur 8 kl.

Den første onsdagen i mai møttest dei tre 8. klassane i kommunen til det tradisjonelle opptur-arrangementet på Knekkevasshytta. Det var om lag 40 elevar og 10 vaksne på hytta denne dagen.

Per Arne Sæterlid hadde ansvar for omvising og geologi. Magne Kjerpeset fortalte historier om huset, utbygginga, kraftproduksjonen, og brakkelivet. Svenn Petter var med som turleiarar. Jannike opna og stengde hytta.

Stand på Elkem sin familiedag

I juni stilte vi med stand på Elkem sin familiedag. Det var Bjørn og Jannike som deltok, vi rigga telt og fylte på med marknadsføringsmateriale. Mange tok turen innom, og vi verva nye medlemmar.

Dugnad på Knekkevasshytta

Det var stordugnad på Knekkevasshytta i juni. Målet var oppussing av eit av soveromma i 2 etg., rydding av småskog, trefelling, vedarbeid, landgang til utedo, maling av ganggolv i 2 etg. I tillegg kom dei vanlege oppgåvene med tømning av do, vask og rydding.

Fokus på sosialt samvære er viktig, og felles mat.

Merkedugnad Troda

Gjennom vår og sommar har det vore lagt ned mange timer i merking av ny T-sti. Det har blitt merka frå Davik til Troda (5,4 km), med T-merkekjeppar og maling. Skilt er på plass, og stien er heilt ferdig.

Frå Blålida (6,2 km) har det blitt rydda mykje skog, og det er merka gjennom skogen opp til Huldrehågen. Frå Huldrehågen og opp til ryggen er det merka med T-merkekjeppar. Det gjenstår eit par kilometer med merking langs ryggen fram til varden. Dårleg vær på seinsommar og i haust gjorde at arbeidet ikkje var mogeleg å ferdigstille. Stien er skiltet, men det er ikkje montert postkasse og vardeskilt. Dette blir gjort ved ferdigstilling.

Ansvarleg for prosjektet har vore Sølvi Joensen som har arbeidd med grunnleigaravtalar og planlegging i lang tid. Jannike har hatt ansvar for Blålid-stien

Med dette prosjektet har vi fått 11,6 km meir med T-sti. Opninga av stien er planlagt å bli i 2025.

Ny T-sti til Brehytta

I september blei det merka om lag 4 km med T-sti i tilknytt den eksisterande T-stien til Ålfotbreen. Dette vart gjort etter ønske frå SFE, då dei på kort varsel hadde bruk for ein sikker sti då dei byrja arbeidet med den nye brehytta. Sidan vi fekk helikoptertransport opp, og utførte ei lang økt i høgda, fekk vi merka heile stien på ein dag. Postkasse på Varden ved ålfotbreen vart også montert. Svenn Petter, Tore og Jannike utførte jobben.

Maling og utbedring av T-stiar.

Vi har per 2024, 9 T- stiar. Dette gjev totalt 92km med sti som er raudmåla med T og T-merkekjeppar. 15,6 km har blitt merka i år.

I Keipen turlag sitt område har tur og T-stiane høg prioritet. Det er mange aktive lag som merker etter merkehandboka i sine bygder (ikkje T sti), og vi i KT er ansvarleg for T-stiane i heile området, samt turstiane i kring Svelgen.

Vingesætra (8 km)	Ansvarleg: Kjell Morten Langedal Ikkje utført noko arbeid dette året
Gjegnen (16 km)	Ansvarleg: Svenn Petter Kjærpeset. Ikkje utført noko arbeid dette året
Vetvika (15 km)	Ansvarleg Kirsten Grotle Noko vedlikehald av sti dette året
Keipen (11 km)	Ansvarleg Tore Sjørgulen Noko vedlikehald av sti dette året
Ålfotbreen (11+4 km)	Ansvarleg Steinar Isene Postkasse er montert på varde, samt sti til Brehytta frå hovudstien
Hornelen Hunskår (7,5 km) Berleneset (8 km)	Ikkje noko arbeid i år
Troda frå Davik 5,4 km:	Ansvarleg Sølvi Joensen Ferdig merka, manglar postkasse og skilt på varden
Troda frå Blålida 6,2 km :	ansvarleg Jannike Brenden Frøyen Manglar om lag 2 km merking i topp, flata ut til varden
Andre stiar:	Refleksmerka på stiane: Gulebrystet til Moldahytta – Gulebrystet til Sandvika. Arbeidet er utført av Tore Sjørgulen. Det er gjort et stort arbeid med a tørke tursti frå Amsterdam til Knekkevasshytta. Arbeidet er utført av Tore og Svenn Petter.

Ved-dugnad på Knekkevasshytta og Moldahytta.

Etter enorm auke i besøk og overnattingar på begge hyttene våre, har vedlagera gått tomme.

På Moldahytta har Karstein arbeidd med trefelling og kløyving. På Knekkevasshytta tok vi et par dager ved-dugnad. 6 stk. var med på ei kveldsøkt, samt ei dagsøkt dagen etter. Sjølv om det vart sagd og kløyvd mykje, er det enno ein god haug som ligg att.

Sjølv om det er mykje jobb, har arbeidet ein positiv effekt med at vi får rydda kring hyttene. Dette må vi fortsette med i inneverande og komande år. For å lette på arbeidet har det blitt kjøpt inn aggregat og vedkløyvarar til begge hyttene.

Skilt og merkeprosjekt.

Skilt og merking i Svelgen-området er ferdigstilt i denne omgang. Skilttavla er montert på Coop-bygget i Svelgen. Kirsten, Gry og Jannike har jobba med dette

Barnas Turlag Keipen 2024.

Barnas turlag har vore samansett slik:

Leiar: Marte Christine Jørgensen
Jeanett Bergetun Rogne
Camilla Gulhaugen
Stig Arve Leirvik
Johnny Røys
Martine Fosse Sveian
Martin Fosse Sveian

Medlemmar: 40 barn – 0 til 12 år i 2024.

Møter: Messenger

Aktivitet 2024

04.02.24	Kom deg ut-dagen: 43 deltakarar (29 barn)
13.04.24	Gjenbruksdag: aktivitetar for barn utanfor samfunnshuset
14.04.24	Quizløype til opa Moldahytte: 110 deltakarar (43 barn)
07.-09.06.24	Camp Molda: 28 deltakarar (18 barn)
01.09.24	Kom deg ut haust: 45 deltakarar (30 barn)
15.09.24	Turbingo til opa Knekkevasshytte: 30 deltakarar (10 barn)

Fleire aktivitetar var planlagt men vart avlyst grunna dårleg vær m.m.

Oppsummering:

Vi har hatt god oppslutning på dei gjennomførte arrangementa, noko som er svært gledeleg. Vi vil særleg trekke fram Camp Molda som var ein svært vellykka friluftscamp med overnatting i telt, hengekøyer og hytte. Kjernen som driv barnas turlag opp og fram er ein fin gjeng som truleg får med seg endå ein person i 2025. Vi ser fram mot eit nytt aktivets-år med håp om mange kjekke aktivitetar og litt betre vær enn i 2024.

Keipen UNG.

Vi har ikkje ansvarsperson for UNG, men i år planla turleiargruppa ein del klatring som UNG-arrangement, men berre eit arrangement vart gjennomført. Av annan aktivitet for målgruppa til UNG ser vi på Opptur for 8.-klassingane som eit godt arrangement som vi ønsker å halde fram med. Ung er også velkomne til å delta på fellesturar sommar og vinter.

Turorienteringa 2024.

Ansvarleg er Steinar Isene

Turorientering vart starta i Svelgen i 1976 av Svelgen Turn og Idrettsforening. Keipen Turlag overtok i 2007.

Salsplass: Best Svelgen

I 2024 er det 19 som hatt fullført turorienteringa.

Barn under 8 år: 5 stk som fullførte. Dette er ein nedgang.

Turorienteringa i år har gått på disse plassane:

Dyrstadsetra mot Storevatnet

Bossommen til utsikt mot Gulebrystet

Dalsetevatnet rundt og retur

Gamlestien frå Langeneset mot Moldahytta

Fellesturar - Turleiargruppa 2024

Ansvarleg for turleiargjengen: Jannike Brenden Frøyen

Turleiarar 2024 - totalt 15 stk aktive, og ein ny hausten 2024

Vi fekk gjennomført førstehjelpskurs som planlagt i vinter med Røde kors. 13 turleiarar deltok. 3 turleiarar har gått skredkurs i Jostedalen (Stine, Sander og Johnny). Jannike deltok på vidaregåande skredkurs på Voss. Jannike har også fullført del 1 av vinterturleiar-kurset med Stavanger Turistforening. Kjell Morten har vidareutdanna seg til sommerturleiar, og Jannike, Svenn Petter og Kjell Morten har gjennomført NF-godkjent førstehjelpskurs over 3 dager. I haust kom Jens Sigdestad inn som ny turleiar.

Kommunikasjon i turleiargruppa skjer på lukka Facebookside.

Oppsummering fellesturar 2024

Noko avlysing grunna dårleg vær. Turane som har blitt gjennomført har vore vellykka. Totalt på fellesturar (utan Barnas Turlag og ung): 177 vaksne og 44 barn/unge. På Opne hytter ca. 155.

Årets nyvinning har vore Pop-Up arrangement. Vi har arrangert to turar, og dette var vellykka og populære arrangement.

Turleiargruppa har hatt to samlingar/møter sidan førre årsmøte. Eit møte før turåret, dette i kombinasjon med førstehjelpskurs, og eit oppsummering/førebuande møte til neste års program.

Vi er flinke til å opprette arrangement i forkant av turane, dette kan med fordel skje endå tidlegare slik at også rette opplysningar kjem på nettsida. Og - vi er stort sett kjempeflinke på bildedeling/innlegg på Facebook etter turane.

Turåret 2024

Fellesturar	2024				
17.01.2024		Pop-up Ski Risevann	Ski	Jannike og Svenn Petter	10
22.02.2024		Gulebrystet - Molda	Truge	Johannes, (Stine) Jannike	Avlyst pga vær
14.04.2024		Opa Moldahytte	Fot	Vertskap	115 (40 barn)
21.04.2024		Troda	Ski	Stine og Sander (Johannes)	Avlyst pga ikkje snø
01.05.2024		Keipen	Ski	Håkon, Sander, Kjell Morten og Jannike	19
11.05.2024		Ålfotbeen	Ski	Sander, Jannike Johannes	Avlyst grunna uvær
17-20.05.2024		Josten på langs	ski	Jannike, IST	Gjennomført 40 på tur
18.05.2024		Vingesætra	Fot	Johannes, Johnny	6
06.06.2024		Pop-up Snowflake	fot	Jannike og Svenn Petter	25
16.06.2024		Gullsmedhytta	Fot	Svenn Petter, Jannike, Elisabeth	30stk fantastisk tur me prest
21-22.06.2024		Solnedgang til Soloppgang	Fot	Anne Karin, (Stine), Liv	33
29-30.06.2024		BLÅTUR	Fot	Jannike og Svenn Petter	4stk. hyttetur til Nipeb
03.08.2024		Rikeloftet	Fot	Stine, Tobias	Avlyst
10.08.2024		Gjegen	Fot	Jannike, Inger Lise, Kjell Morten, Sander	Back up helga etter
18.08.2024		Helkinna Galsnipa og Smalerabben	Fot	Liv, Gry, Svenn Petter	Avlyst grunna vær
31.08.2024		Løkkevannshytta frå Huaren	fot	Inger Lise, Jannike	Avlyst grunna vær
15.09.2024		Opa Knekkevasshytte	Fot	Vertskap	30 (10 barn)
22.09.2024		Tungeskaret, Gaubåsen og Nipene	Fot	Elisabeth, Johnny	Avlyst lite påmelding
Ung		13-25 år			
20.04.2024		Klatring innendørs Svelgen	Klatring	Stine, Tobias	2 ung
08.05.2024		Opptur 8. Klasse	Fot	Per Arne og Jannike, Svenn Petter	50 der av 42 ung
01.06.2024		Klatring Grytedalen	Klatring	Stine, Tobias	Avlyst
11.08.2024		Klatring Innendørs/ute ny plass	Klatring	Stine, Tobias	Avlyst

Fjelltrimmen Svelgen.

Fjelltrimmen Indre (Svelgen) har gått frå 1. januar 2024 til ut desember 2024, og i år har det vore 10 postar. Likt som i fjor vart det nytta elektronisk innsjekking med appen Georeg. Totalt har 119 nytta seg av Georeg i fjelltrimmen for Svelgen i år. Sidan det er slutt på teljing av turbøker, syner tala for 2024 berre innsjekkingar gjort med Georeg.

16 personar har fullført fjelltrimmen. 3 av dei er ikkje medlemmar i DNT.

Vinnar av fjelltrimmen (mest poeng) får gåvekort: 500 kr – Liv Sigdestad Brekke

Gåvekort til eit tilfeldig trekt barn 0-16 år som har vore på alle postane: 500kr

Gåvekort til ein tilfeldig vaksen 17-66 år som har vore på alle postane: 500 kr

Gåvekort til ein tilfeldig senior 67+ år som har vore på alle postane: 500 kr

Medalje til alle fullførte i fjelltrimmen 2024.

Post:	Tal besøk 2019:	Tal besøk 2020:	Tal besøk 2021:	Tal besøk 2022:	Tal Besøk 2023:	Tal Besøk 2024:
Risevatnet 3,5 km	2503	2095	2539	2482	1940	1796
Risevatnet - Vasskaret	391	296	444	991	1092	588
Moldahytta	1958	1177	807	952	1272	575
Martinbu/Sandsegga	1338	1051	1250	1342	1375	1008
Omvendeskaret	61	68	89	99	53	
Iervatn	369	173	175	148	224	84
Knekkevasshytta	223	106	226	355	399	544
Jakthytta Ytrehus	279	264	244	175	444	117
Gulebrystet	325	104	168	261	148	167
Toppen			264	217	222	181
Vegende før Demmevatnet					17	
Vegende før Moldahytta					589	
Omnen					20	
Benk 1 Risevatnet 1,7 km					1205	1832
Vegende før toppen					127	
Langhuken					24	
Benk 1 Sandsegga					728	
Hotell Gråstein					228	
Hennøysætra					22	
Bru ved Dyrstadstølen					44	
Samla besøk:	7447	5334	6206	7022	10173	6892

Nedgangen i besøkstal dette året kjem truleg av halvering av talet på turmål, dårleg vær, samt at turbøkene ikkje lenger blir talde.